

<arkivID><jpID>  
Plannavn-  
**Arkiv:** Kommuneplanen sin  
samfunnsdel, Komnr-  
4631, FA-L1

**JournalpostID:**

**Saksbehandlar:**

**Dato:** 25.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
075/20	Alver formannskap	03.09.2020
098/20	Alver kommunestyre	17.09.2020

### Vedtak av planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Alver kommune vedtek framlegg til planprogram for kommuneplan sin samfunnsdel 2021-2033.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningsloven § 11-13.

#### Alver formannskap 03.09.2020:

##### Behandling:

Rådmannen sitt framlegg med endring, fra formannskapet i Alver til kommunestyret i Alver. Framlegget vart samråystes vedteke.

##### FO- 075/20 Vedtak:

Kommunestyret i Alver kommune vedtek framlegg til planprogram for kommuneplan sin samfunnsdel 2021-2033.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningsloven § 11-13.

#### Alver kommunestyre 17.09.2020:

##### Behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart samråystes vedteke.

##### Tilleggspunkt til formannskapet si tilråding frå S.Toft-V:

Dei politiske utvala skal involverast grundig i planprosessen til å bidra med forslag til mål og strategiar innanfor sine respektive saksområde.

Framlegget vart samråystes vedteke.

**KO- 098/20 Vedtak:**

Kommunestyret i Alver kommune vedtek framlegg til planprogram for kommuneplan sin samfunnssdel 2021-2033.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningsloven § 11-13.

Dei politiske utvala skal involverast grundig i planprosessen til å bidra med forslag til mål og strategiar innanfor sine respektive saksområde.

Politisk handsaming  
Saka skal avgjerast i Formannskapet

**Bakgrunn**

Saksopplysninger:

Formannskapet i Alver kommune fatta i møte 19.03.2020, sak 027/20, vedtak om oppstart av arbeidet med kommuneplanen, og å legge ut planprogram for kommuneplanen sin samfunnssdel til offentleg høyring og ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13.

Planprogrammet skal vise føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad. Planprogrammet har lagt på høyring i perioden 16.04.20 til 02.06.20. Det har kome inn 17 uttaler, 13 frå offentlege mynde og 4 innspele frå innbyggjarar. Alle innspeala er tilgjengelege som vedlegg. Fleire har gode innspele til presiseringar og nokre har ønskje om ei breiare omtale av særlikte tema. Uttalene gir nyttig innspele til det vidare arbeidet med kommuneplanen, men medfører ikkje til større endringer i sjølve planprogrammet. Nokre punkt er tatt inn, dei er vist til i saksframlegget.

I dette saksframlegget velger rådmannen å oppsummere innspele som særleg er knytt til prosess, arealstrategiar, medverknad og utviklingstrekk i Alver og sentrale tema i planprogrammet.

**1. Prosess – korleis kommunen skal arbeide med samfunnssdelen**

Alver kommune får av fleire ros for å ha utarbeidd eit framlegg til planprogram for kommuneplanen sin samfunnssdel som er oversiktleg, dekkande og på ein god måte trekkjer fram utfordringar og utviklingstrekk i kommunen. I tillegg blir det sett som positivt at vi satsar på folkehelse og berekraftsmåla som berebjelkar i planarbeidet. Alver får også støtte i at det blir lagt opp til tette koplingar mellom samfunnssdelen og arealdelen ved at det allereie i samfunnssdelen skal utviklast arealstrategiar,

Fylkesmannen i Vestland skriv at planprogrammet fangar opp dei tema som dei er opptekne av, men opplever likevel at det ikkje kjem klart fram kva tema kommunen vil prioritere i vidare planarbeid. Dette gjer det vanskeleg for dei å vurdere om vidare arbeid vil inkludere tema som er viktig for dei statlege interessene.

Vestland fylkeskommune ber om at kommunen konkretiserer tydelegare føremål og omfanget av dette i den vidare prosessen.

Statens vegvesen understreker viktigeita av at kommunen gjennom samfunnssdelen legg vekt på å vere tydeleg på kva retning dei ønskjer å styre kommunen innan planperioden.

I eit av dei private innspeala vert det trekt fram at det er positivt at planprogrammet har fokus på å byggje noko nytt i den nye kommunen, og at kommunen ynskjer tverrfagleg samarbeid.

Det er positivt med felles medverknadsperiode for kommuneplanen sin samfunnssdel, kommunedelplan for helse og omsorg og kommunedelplan for oppvekst.

## 2. Arealstrategiar

Vestland fylkeskommune skriv at arealstrategiane i planprogrammet, vil alle vere relevante i diskusjonen om korleis forvalte ressursane i framtida på ein berekraftig måte. Fylkeskommunen understreker at i samfunnssdelen bør arealstrategiane gjenspegle ei satsing på arealutvikling tilknytt eit kollektivtilbod, samt moglegheita til å gå og sykle til ulike målpunkt. Bustadområde bør være lokalisert nær eit senterområde med kort avstand til skule, handel og kollektivtilbod. Eit best mogleg kollektivtilbod avheng av fortetting av få utvalte områder.

Fleire av dei offentlege instansane oppmoder særskilt til å avklare kor hovudtyngda av framtidig utvikling skal skje. Dei peiker på at denne vert lagt slik at besøksintensive bedrifter og organisasjoner enkelt kan nås med gange- sykkel og/eller kollektivtransport, og at kvardagslivet til den einskilde kan utfolde seg innanfor ein liten radius, med kort avstand til daglegvare, skule og fritidsaktiviteter. Då vert fastsetting av senterstruktur og etablering av riktige funksjoner der eit viktig verkemiddel.

## 3. Medverknad

Vestland fylkeskommune understreker at Alver kommune bør legge stor vekt på medverknadsprosessar i arbeid med samfunnssdelen, med særskilt fokus på å involvere sårbare grupper og frivillige lag og organisasjoner. Dei peiker også på viktigheita av å inkludere innvandrarar i medverknadsprosessar for å auke samfunnssdeltakinga til denne gruppa.

Fylkesmannen i Vestland saknar ei konkretisering av medverknadsopplegget.

I eit av innspela frå innbyggjarane vert kommunen kritisert for å leggje opp til ein tradisjonell planprosess med ei avgrensa medverknadsperiode. Det blir etterlyst større fokus på å leggje til rette for at innbyggjarane kan snakke med kvarandre, og å inkludere dei som elles ikkje er engasjerte.

## 4. Utviklingstrekk i Alver kommune og sentrale tema i planprogrammet

### Befolkningsutvikling

Fleire av innspela kommenterer busetnadsmønsteret i kommunen, og peiker særskilt på at det er viktig at kommunen tek aktivt stilling til korleis ein skal arbeide for å styre veksten i folketalet til dei rette områda.

### Samordna bustad-areal og transportplanlegging

Statens vegvesen viser til at dei som ikkje bur i senterområda er i dag i stor grad avhengige av å køyre bil. Dei skriv at omfanget av spreidd busetnad bør avgrensast og vekst bør fortrinnsvis skje i områder der det er mogeleg å leggje til rette for attraktive alternativ til privatbil. Eit tilpassa kollektivtilbod (buss, båt) må utgjere eit premiss i denne samanhengen. Dei utdjavpar at det i samfunnssdelen også er viktig at kopplinga mellom folkehelse og aktiv transport kjem tydeleg fram.

Bergen kommune understreker behovet for at Alver kommune må leggje stor vekt på vidareutviklinga av regionsenter og tettstader for å bidra til ei arealutvikling som reduserer transportbehov. Bergen kommune anbefaler at dette blir eit sentralt tema i utarbeidninga av arealstrategiar i samfunnssdelen. Desse skal leggast til grunn for utvikling av kommuneplanens arealdel.

Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen og Bergen kommune legg til at Alver kommune nyleg har underteikna ein byvekstavtale som forpliktar kommunen til å arbeide for nullvekstmålet, meir effektiv arealbruk og meir attraktive by- og regionsenter. Kommuneplanen vil vere eit viktig verktøy i arbeidet for å nå måla, og samfunnssdelen skal vere retningsgivande for vidare satsing.

#### Grøn omstilling

Vestland fylkeskommune peiker på at tiltak som sikrar bruk av eksisterande bygningsmasse er positivt for klimarekneskapen og vil samtidig bidra til å verne om kulturarven og bør inngår under pkt. 4.2.3 grøn omstilling.

Fiskeridirektoratet er opptatt av at kommunane ser samanhengen mellom bruk av land og sjø.

I eit av innspela frå innbyggjarne blir det vist til at berekraft ikkje berre kan knytast til klima. Det blir peika på at landbruk som tema bør vere meir fremheva i planprogrammet, og foreslår spesielt meir fokus på eit berekraftig og allsidig landbruk.

#### Fellesskap og attraktive nærmiljø

Vestland fylkeskommune viser til regional planstrategi for Vestland 2020-2024 «Utvikling for Vestland», kor eit av fire hovudmål er: Lokalsamfunn som ramme for gode kvarldagsliv i heile Vestland. Dei supplerer med å vise til gjeldande regionale føringar kor blant anna satsingar innen arkitektur, møteplassar, kunst, inkludering, deltaking og oppleving alle er viktig i denne samanhengen.

#### Alver sin posisjon og rolle i regionen

Vestland fylkeskommune peiker på at Knarvik er utpeikt som regionsenter og at det difor er viktig å satse strategisk på å utvikle Knarvik til eit funksjonelt knutepunkt.

I eit av innspela frå innbyggjarane blir det peika på at om Knarvik skal bli eit godt regionsenter er det nødvendig at dei andre kommunane i regionen støttar opp om utviklinga.

#### Næringsutvikling

Fylkesmannen i Vestland rår at kommunen oppdaterer registreringa av kjerneområde landbruk og kulturlandskap, for å få betre grunnlag for vidare planlegging. Vidare visar dei til nasjonal jordvernstrategi, og at ei langsiktig grense mot utbygging er eit godt verkemiddel for å sikra føreseielege tilhøve for landbruksnæringa.

Fiskeridirektoratet ønskjer at kommunen nemner vekst og utvikling innanfor akvakultur/havbruksinteresser som aktuelle tema. I tillegg meiner dei at det er naturleg å inkludere berekraftsmål nr.14 «Liv under vatn» under dette temaet.

Fiskarlaget Vest presiserar viktigheita av langsiktig og heilskapeleg forvaltning av sjøareala, og viser til samarbeid på tvers av kommunegrenser.

I eit innspel frå ein innbyggjar blir Mongstadområdet og industriområda rundt ytre Fensfjorden etterlyst under temaet «Næringsutvikling» i planprogrammet.

#### Pendling og mobilitet

Fleire av dei offentlege instansane kjem med innspel knytt til tema pendling og mobilitet. Dette dreier seg i hovudsak om at det er viktig at kommunen satser strategisk på å tilrettelegge attraktive bu- og næringsområder med gode kollektiv-, sykkel og gange tilbod.

#### Levekår og folkehelse

Fylkesmannen i Vestland meiner kommunen visar god forståing for folkehelseomgrepet. Dei meiner kommunen lister opp gode tema vi skal sjå nærmare på i arbeidet med samfunnssdelen, og legger til «sosial bustadpolitikk» som sentralt tema i arbeidet med utjamning av sosiale helseskilnader i folkehelsearbeidet.

Det har kome innspel og ønskje om at Alver kommune definerer ein eigen strategi for gruppa «friske eldre», med fokus på eldregruppa som ikkje etterspør helsestenester, men som er ressurssterke og friske. Det blir etterlyst at planprogrammet og planprosessen i større grad tar opp diskusjonen rundt dette.

#### Oppvekst og utdanning

Fylkesmannen i Vestland peiker på at det i arbeidet med å redusere sosial ulikskap i helse er det viktig å ha ei brei tilnærming, og ta med seg alle aldersgrupper. Dei presiserer at psykisk helse må vere løfta fram som aktuelt tema i samfunnsdelen.

#### Kultur, idrett og friluftsliv

Vestland fylkeskommune skriv at samfunnsdelen skal vere med på å definere og formidle kommunen sin identitet. Kulturliv, idrett, arrangement og kulturmiljø er kjelde til identitet og er ein viktig ressurs for å byggje Alver si framtid og bør integrerast tydeleg under fleire tema i samfunnsdelen. Vidare viser Vestland fylkeskommune til at kulturarven er ein del av attraktive bygder og er med på å definere bukvalitet og eit levande sentrum. Kultur, idrett og friluftsliv er viktig for fellesskap og trivnad. Desse bør vera med under pkt 4.2.4 Fellesskap og attraktive nærmiljø.

#### Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen i Vestland skriv at kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste og mest sentrale dokumentet å forankre kommunens utfordringar, strategiske val og prioriteringar knytt til samfunnstryggleik og beredskap på alle kommunens ansvarsområde.

## **Oppsummering frå rådmannen**

Som nemnt innleiingsvis har det kome inn fleire gode innspel til presiseringar og nokre har ønskje om ei breiare omtale av særslakte tema. Uttalene gir nyttig innspel til det vidare arbeidet med kommuneplanen, men medfører ikkje til større endringer i sjølve planprogrammet. Nokre punkt er teke inn, dei er vist til i saksframleggget.

Kommuneplanen er ein av grunnsteinane i etableringa av vår nye kommune. Kommuneplanen har ei gyldighetsperiode på 12 år, fram mot 2033 (med vedtak av samfunnsdelen i 2021). Det skal bli utarbeida langsigktige analysar knytta til ei rekke fagområder innan samfunnsutvikling. Desse skal danne grunnlag for arbeidet med mål og strategiar.

Under kjem kommentarar frå rådmannen knytt til dei innspela som er løfta fram i saksframlegget.

### **1. Prosess**

Planprogrammet var på høyring i vår, og no startar medverknadsperioda kor vi ønskjer innspel til planprosessen. Til hausten startar administrasjonen arbeidet med sjølve plandokumentet med tema skissert i planprogrammet. Rådmannen legg opp til at planforslaget skal på offentleg høyring våren 2021, med endeleg politisk vedtak av planen i løpet av 2021.

### **2. Arealstrategiar**

Arealstrategiane skal vere eit bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen, gjennom å vise hovudprinsipp for kommunen sin langsigktige arealbruk. Utforming av desse arealstrategiane og prosessen med å fastsette desse skal vere ein

integrert del av arbeidet med samfunnsdelen.

### **3. Medverknad**

Sidan planprogrammet blei lagt ut på høyring våren 2020, har prosjektgruppa jobba vidare med eit meir konkret opplegg for medverknadsperioden. Dette blei lagt fram for Formannskapet som orienteringssak i møte 21. august 2020.

I arbeidet med kommuneplanen kjem vi til å ha fokus på å byggje ein ny kommune og felles identitet. Vi skal dele kunnskap om prosessen på ein måte som gjer at folk evnar og har lyst til å bidra. Dette skal vi gjere gjennom å bruke eit klart språk i all skriftleg og munnleg kommunikasjon. Som følgje av Covid 19 pandemien må vi diverre avgrense fysiske møter og deltaking på etablerte møteplassar. I staden skal vi tenkje nytt og i endå større grad bruke sosiale medium og digitale- og visuelle verkemiddel. Dokumentet «Felles medverknad for kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplanene for helse og omsorg og oppvekst» ligg vedlagt.

### **4. Utviklingstrekk i kommunen og sentrale tema i planprogrammet**

Rådmannen har ikkje kommentert kvart enkelt innspel, men kome med ei generell oppsummering til hovudessensen i innspela.

#### **Foreslätte endringer i planprogrammet**

Med bakgrunn i uttalelsene foreslår rådmannen enkelte tillegg i planprogrammet, under tema vi kan sjå nærmare på i samfunnsdelen:

- Sikre bruk av eksisterande bygningsmasse (4.2.3 Grøn omstilling)
- Kultur, idrett og friluftsliv (4.2.4 Fellesskap og attraktive nærmiljø)
- Vekst og utvikling innanfor akvakultur/havbruksinteresser (4.2.6 Næringsutvikling)
- Sosial bustadpolitikk (4.2.8 Levekår og folkehelse)
- Friske eldre (4.2.8 Levekår og folkehelse)
- Psykisk helse (4.2.9 Oppvekst og utdanning)

#### **Rådmannens vurdering og konklusjon**

I arbeidet med samfunnsdelen skal vi definere og fastsette kommunens overordneda mål og strategiar innanfor dei ulike samfunns- og tjenesteområda. Planprogrammet fokuserer på det som blir satsingsområda i den kommande kommuneplanperioden fram til 2033.

Med bakgrunn i planprogrammet blir no sjølve kommuneplanarbeidet, med samfunnsdelen og deretter arealdelen, sett i gang. Rådmannen meiner at framlegg til planprogram er eit godt utgangspunkt for denne kommuneplanprosessen.

**Vedlegg i saken:**

23.06.2020	Planprogram for kommuneplanen - innspill om Lindås sjøsluser	1410985
10.06.2020	Uttale til oppstartsmelding og høyring - planprogram for samfunnssdelen av kommuneplanen til Alver	1403679
08.06.2020	Fråsegn til planoppstart og offentleg høyring og ettersyn av planprogram - KPS - Alver kommune	1401657
08.06.2020	Uttale til planoppstart av kommuneplanen sin samfunnssdel	1401583
08.06.2020	Innspel til planprogrammet til kommuneplanen sin samfunnssdel	1401582
08.06.2020	Fråsegn til kunngjering om planoppstart og offentleg høyring og ettersyn av planprogram - kommuneplanen sin samfunnssdel for Alver kommune	1401548
08.06.2020	Uttale til høyring kommuneplanens samfunnssdel - Alver kommune - framlegg til planprogram	1401509
03.06.2020	Uttale - Kommuneplanen sin samfunnssdel	1399866
03.06.2020	Innspel til planprogram - Kommuneplanen sin samfunnssdel	1399494
03.06.2020	Høyringsmerknad til planprogram for kommuneplanen sin samfunnssdel	1399455
29.05.2020	Uttale til - Kommuneplanen sin samfunnssdel - Planoppstart og offentleg høyring av planprogram, Alver kommune, Vestland.	1398503
28.05.2020	Fråsegn til planprogram og kommuneplanen sin samfunnssdel - Alver kommune - Vestland fylke	1398173
28.05.2020	Innspel til varsel om oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnssdel - Alver kommune	1398149
15.05.2020	Uttale til Kommuneplanen sin samfunnssdel - Kunngjering om planoppstart og offentleg høyring og ettersyn av planprogram, Alver kommune	1392117
29.04.2020	Vedkomande uttale til kommuneplanen sin samfunnssdel	1382770
16.04.2020	Uttale til kommuneplanen sin samfunnssdel	1373875
22.05.2020	Planprogram KPS Alver kommune, høringsuttalelse fra Bergen kommune	1395290
25.08.2020	Forslag til planprogram for kommuneplanen sin samfunnssdel Alver kommune	1435138
25.08.2020	2020-08-25 Felles medverknad	1435168